



## Ålfotbreen verneområdestyre

**Postadresse**  
Ålfotbreen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138

fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

### Rådgevande utval for Ålfotbreen LVO

---

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 23.09.2021

## Ålfotbreen verneområdestyre - Referat etter møte i Rådgevande utval for Ålfotbreen 21.09.21

Tysdag 21.september 2021 kl 19.00 til 21.00, Bremanger fjordhotell i Svelgen.

### Oppmøte:

Katrine Fjellestad Aske - Midtre Nordfjord turlag  
Martin Mettenes - grunneigar Gloppen  
Svenn Petter Kjerpeset - Keipen turlag  
Leidulv Solvang - grunneigar Kinn/Flora  
Ragna Flatla Haugland (teams) - SFE Produksjon  
Dag Eliassen - Flora turlag  
Per Helge Eikeland - Svelgen Kraft  
Jacob Nødseth - verneområdestyret  
Åsmund Berthelsen - verneområdestyret  
Alf Erik Røyrvik - verneområdeforvaltar (referent)

### Forfall:

Karl Vidar Førde - grunneigar Bremanger  
Erik Solheim - Naturvernforbundet

---

### Saker:

#### 1. Opning av møtet

Styreleiar i verneområdestyret Jacob Nødseth opna møtet og ønskte velkommen. Vi hadde ei kort presentasjonsrunde der dei som var til stades presenterte seg og kva/kven dei representerte.

#### 2. Forvaltning i 2021

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom saker og tema som forvaltninga har jobba med i 2021. Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.



### **3. Ålfotbreen som nasjonalpark?**

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom bakgrunnen og prosessen som har ført til at Ålfotbreen no er føreslegen som nasjonalpark. Han gjekk og kort gjennom kva som er venta å skje i den vidare prosessen.

Styreleiaren gjorde greie for styret sitt ønske om at Ålfotbreen vern nasjonalpark, og at styret ønskjer ein god og effektiv prosess. Naturverdiane vart kartlagt i forkant av at landskapsvernområdet vart oppretta, so mykje av faktagrunnlaget er allereie til stades.

Grunneigarar og turlag minna om at det er viktig med ein grundig og skikkeleg prosess, der alle interesser får høve til å kome med sine innspel og sei si meining. Involvering er viktig og avgjerande for ein god prosess.

Det var og kommentert at man burde unngå å verne drivverdig skog i ein eventuell nasjonalpark.

### **4. Tiltak i 2021**

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom dei tiltak som er gjennomført i 2021, tiltak som det vert jobba med enno og tiltak som etter planen skal gjennomførast før året er omme. Flora turlag fortalde litt om arbeidet som dei har gjort på stien til Blåbrebu, etter avtale med verneområdeforvaltninga.

### **5. Innspel frå utvalet til styre og forvaltning**

Styreleiaren minna om at styret og forvaltninga gjerne kjem på besøk på møter og arrangement dersom organisasjonar og andre ønskjer det.

Turlaga oppmoda styre og forvaltning om å delta på dei turane som vert arrangert i og rundt verneområdet.

### **6. Innspel til tiltak i 2022**

- Flora turlag og grunneigar Solvang spelte inn at det bør jobbast vidare med Grøndalen som innfallspott. Når det no vert sett opp søppelspann her, so er det viktig å få ei ordning med renovasjon og tilsyn. Ein bør og vurdere å utvide parkeringsplassen endå meir enn det som no er gjort. På dagar med stor utfart av folk som skal gå toppturar på ski, vert parkeringsplassen full. Dette fører til "villparkering" som er til ulempe for grunneigar og for brøytemannskap.
- Det vart stilt spørsmål om kor vidt tiltaksmidlar kan nyttast til delfinansiering av prosjekt som turlagshytter og liknande som kjem ålmenta og friluftslivet til gode.



## 7. Ymse

- SFE Produksjon tok opp framtida til bremålingshytta som ligg nord for sjølve Ålfotbreen. Det er NVE som eig hytta, medan det er SFE som tek seg av tilsyn og vedlikehald. Tilstanden på hytta vert stadig dårlegare, og ein må snart legge ein plan for framtida til hytta. Kanskje kunne organisasjonane og verneområdeforvaltninga vere med på ein dialog og sjå om man kunne ha felles interesser for ei funksjonell hytte i god stand her oppe i framtida.
- Flora turlag vurderer å bygge ei sikringsbu ved Gjejnabu, noko som manglar i dag. Dei har fått eit par arkitektar til å teikne nokre skisser og eit konsept, som vart presentert i møtet. Det er ikkje konkrete planer om dette enno, og mykje som må på plass før dette kan realiserast. Men det vert jobba med det.
- Flora turlag har inngått ein avtale med SFE om bruk av Børabu. Den ligg utanfor verneområdet, men er likevel ein del av same fjellområde.
- Møte neste år:  
Utvalet var nøgde med tidspunktet på året. Men det vart ytra ønske om å legge møtet til ein torsdagskveld. Neste år er det Florø/Kinn som står for tur som møtestad for møte i Rådgevingande utval.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*